



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Oslo kommune
Rådhuset
0037 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
23/50-25

Dato
2. januar 2024

Oppdragsbrev for statsbudsjettet 2024 – tilskot til Oslo kommune

Tilsegningsnr. 510 003

Innleiing

Vi syner til Stortinget si handsaming av Prop. 1 S (2023–2024) for Kommunal- og distriktsdepartementet, jf. Innst. 16 S (2023–2024). Kommunal- og distriktsdepartementet, heretter departementet, følgjer opp budsjettvedtaka frå Stortinget for 2024, datert 15. desember 2023, gjennom dette oppdragsbrevet.

Brevet omfattar oppdrag og/eller omtale av desse politikkområda:

Programkategori	Løyving
13.50 Distrikts- og regionalpolitikk	30 877 000
08.45 Likestilling og ikkje-diskriminering*	Sjå nærare omtale s.17

*For denne programkategorien syner vi til Stortinget si handsaming av Prop. 1 S (2023–2024) for Kultur- og likestillingsdepartementet, jf. Innst. 14 S (2023–2024), vedtatt 19. desember 2023.

Departementet vil utbetale midlane for programkategori 13.50 i to omgangar, i januar og august. For programkategori 08.45 blir midlane utbetalte fortløpande etter som søknadane blir handsama.

Frå og med 1. januar 2024 blir det oppretta eit nytt departement, Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD). Ansvar for tilskot til breibandutbygging vil ligge i dette departementet, som vil sende eit eget oppdragsbrev til fylkeskommunane om denne tilskotsordninga.

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kdd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kdd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Regionalpolitisk
avdeling

Saksbehandlar
Benedikte Gyribye
Olafsen
22 24 70 58

Har fylkeskommunen fått nytt kontonummer?

For å kunne utbetale midlane må departementet få melding om korrekt bankkontonummer, organisasjonsnummer og/eller postadresse dersom det er endringer. Dette vil vere særleg aktuelt for fylkeskommunar som er påverka av strukturendringar. Fylkeskommunane det gjeld skal sende meldinga i brevs form på fylkeskommunen sitt offisielle brevark til postmottak@kdd.dep.no. Brevet må innehalde nytt kontonummer, organisasjonsnummer og postadresse, og skal vere signert av økonomisjef eller tilsvarende.

Fordeling av attståande midlar for nye fylkeskommunar i 2024

Dersom fylkeskommunar som er påverka av strukturendringar har igjen felles midlar på konto frå departementets regionale midlar, det vil seie frå 60-postar under programkategori 13.50, må dei fylkeskommunane dette gjeld avtale innbyrdes korleis disse midlane skal bli fordelte.

For fylkeskommunane sine midlar på konto hos Innovasjon Noreg gjeld følgjande:

Fylkeskommunane skal ha blitt samde om korleis attståande felles midlar på konto hos Innovasjon Noreg skal bli fordelte. Dette gjeld akkumulerte midlar på post 553.61 *Mobiliserende og kvalifiserende næringsutvikling* per 31. desember 2023, og eventuelle midlar på tidlegare post 550.62 *Bedriftsrettede låne- og tilskuddsordninger i distriktene*. Kansellerte tilsegn og tilbakebetalingar av midlar over disse postane tilhøyrande dei delte fylkeskommunane følgjer same fordelingsnøkkel som for akkumulerte midlar. Fylkeskommunane må gje beskjed til Innovasjon Noreg om kva for fordeling dei har blitt samde om, så raskt som råd.

Innhold

Oppdragsbrev for statsbudsjettet 2024 – tilskot til Oslo kommune.....	1
1. Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk	4
1.1. Distrikts- og regionalpolitiske mål	4
1.2. Ramme til distrikts- og regionalpolitiske føremål.....	5
1.3. Mål for innsatsen til fylkeskommunane	6
Mål 1: Næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt	6
Mål 2: Regional utvikling over landegrensene og i nordområda	10
1.4. Anna relevant innsats.....	10
1.5. Utbetaling, rapportering, evalueringar og kontroll	12
2. Programkategori 08.45 Likestilling og ikkje-diskriminering.....	15
2.1 Universell utforming i regional og kommunal planlegging.....	15
4. Fristar i 2024 og 2025	17
5. Avslutning	18
6. Vedlegg.....	19

1. Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

1.1. Distrikts- og regionalpolitiske mål

Regjeringas mål for distrikts- og regionalpolitikken er at «folk skal kunne leve eit godt liv i heile Noreg, at alle lokalsamfunn skal ha rom for utvikling og verdiskaping, og at folketalet skal auke i distriktskommunar. Regjeringa vil arbeide for at folk har tilgang på arbeid, bustad og gode tenester nær der dei bur. Regjeringa vil leggje til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn i heile landet gjennom desentraliserte løysingar» (jf. Meld. St. 27 (2022–2023) Eit godt liv i heile Noreg – distriktspolitikk for framtida).

Programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk er ein målretta innsats mot særleg strategisk viktige område, der utfordringane ikkje kan bli løyst av sektorpolitisk innsats åleine. Midlane over programkategorien er øyremerkte økonomiske verkemiddel for å medverke til å realisere dei nasjonale distrikts- og regionalpolitiske måla.

Tabell 1 Mål for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

1. Næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt
2. Regional utvikling over landegrensene og i nordområda
3. Styrkt utviklingskapasitet og velfungerande tenestetilbod i distrikta

Fylkeskommunane som regionale samfunnsutviklarar

Fylkeskommunane har det leiande ansvaret for å utforme regionale strategiar for utvikling, og å utvikle, samordne og følgje opp regionale mål for utviklinga i sitt fylke. Dette inneber òg at fylkeskommunane skal mobilisere og samordne ulike aktørar lokalt og regionalt som er viktige for regional utvikling i fylket, slik at den samla innsatsen medverkar til at utviklinga i fylket går i den retninga ein ønskjer. Fylkeskommunane bør og kan bidra til innovasjon og digitalisering, i dialog med Innovasjon Noreg, Siva, KS, Doga, Distriktsenteret, andre verkemiddelaktørar, Statsforvaltaren og distriktskommunane. Fylkeskommunane, saman med andre aktørar, kan og bør utgjere eit lag rundt distriktskommunane i fylket, for å styrkje og rettleie dei i planlegging, oppgåveløysing og utviklingsarbeid.

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftsmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid. Det er derfor viktig at berekraftsmåla blir ein del av grunnlaget for å fylla denne rolla med innhald. Dei nasjonale forventningane til kommunal og regional planlegging skal ligge til grunn for arbeidet.

Samarbeid med dei næringsretta verkemiddelaktørane

Departementet forventar at fylkeskommunane har eit godt samarbeid med Siva, Innovasjon Noreg og Forskningsrådet om mål og strategiar for næringsutvikling i sitt fylke, og nyttar det regionale partnerskapet aktivt. Samarbeidet skal gje ei klar arbeidsdeling mellom aktørane, og skape ein god regional infrastruktur for innovasjon. Departementet støttar opp om avtalane som er inngåtte mellom fylkeskommunar og verkemiddelaktørane på fylkesnivå.

Samarbeid med Kompetansesenter for distriktsutvikling (Distriktssenteret)

Departementet oppmodar fylkeskommunane om å ha ein dialog med Distriktssenteret om utfordringar og moglege løysingar for å fremje lokal samfunnsutvikling i distriktskommunar. Distriktssenteret skal mellom anna vidareutvikle rettleiingsmateriell som fylkeskommunane kan bruke for å støtte opp om samfunnsutviklingsarbeidet i distriktskommunar.

Samarbeid med statsforvaltarane

Departementet oppmodar fylkeskommunane om å ha ein dialog med statsforvaltarane der det er føremålstenleg. Det gjeld mellom anna i rettleiing og bistand knytt til plan- og strategiprosessar i kommunane, herunder oppfølging av *post 65 Omstilling og utvikling i område med særlege distriktsutfordringar*, og *post 66 Bygdevekstvtaler* dersom slike prosjekt finst i fylket.

1.2. Ramme til distrikts- og regionalpolitiske føremål

Samla løyving til fylkeskommunane over programkategori 13.50 er på om lag 1,169 mill. kroner for 2024. Vedlegg 1 syner fordelinga av løyvinga for kvar ein skilde fylkeskommune. Løyvinga til Oslo kommune ligg i tabell 2 under.

Tabell 2 Mål, kap./post og løyving for 2024 til Oslo kommune

Mål	Kap./post	Nemning	Løyving
1 Næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt	553.61	Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling	26 747 000
	553.69	Mobilisering til forskingsbasert innovasjon	4 130 000
Sum			30 877 000

Departementet tildeler midlane over programkategori 13.50 til fylkeskommunane som tilskot utan krav om tilbakebetaling, jf. romartalsvedtak IX i Innst. 16 S (2023–2024). Det tyder at fylkeskommunane kan disponere midlane uavhengig av kva år løyvinga er gitt. Det er ikkje høve til å overføre midlar mellom dei ulike budsjettpostane i oppdraget.

Overføring av tilskot frå rammetilskotet til programkategori 13.50

Stortinget har vedtatt at det frå 2024 vil bli overført 113,9 mill. kroner frå kap. 572, *post 60 Innbyggertilskudd, rammetilskuddet til fylkeskommunene* til programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Overføringa gjeld midlar til distrikts- og regionalpolitiske tilskot som vart innlemma i rammetilskotet i 2020, og som er vedtatt ført tilbake frå 2024 til øyremerkja ordningar målretta mot sentrale utfordringar i distrikts- og regionalpolitikken (jf. Prop. 112 (2022–2023) og Innst. 488 S (2022–2023)).

Midlane er fordelte mellom *kap. 553, post 60 Kompetanse og arbeidskraft i distriktene* (62,9 mill. kroner) og *kap. 553, post 65 Omstilling og utvikling i områder med særlege distriktsutfordringar* (51,0 mill. kroner). Midlane er fordelte etter ny fordelingsmodell for kvar av ordningane. Sjå nærmare omtale under post 60 og post 65.

Som følgje av endringane omtalt over, er det behov for nye retningslinjer og forskrift. Sjå vedlagte retningslinjer for kap. 553, post 60 og rettleiingsordninga under post 65. Ny forskrift for omstillingsordningane vert sendt på høyring før nyttår.

1.3. Mål for innsatsen til fylkeskommunane

Mål 1: Næringsutvikling, verdiskaping og attraktive arbeidsmarknader i regionar og distrikt

Kap. 553, post 60 Kompetanse og arbeidskraft i distrikta

Ordninga er ny frå 2024. Midlane blir fordelte mellom fylkeskommunane, med unntak av Oslo, med eit grunnbeløp på 3,5 mill. kroner og der resterande midlar blir fordelte gjennom ein distriktskomponent¹.

Etterspurnaden etter kompetent arbeidskraft er stor dei fleste stader i landet, både i offentleg og privat sektor. Den demografiske utviklinga og omstilling i økonomien gir auka konkurranse om kvalifisert arbeidskraft i arbeidsmarknadene. Det er behov for å styrkje samsvaret mellom tilbod på utdanning og etterspurnad av naudsynt utdanning og kompetanse, mobilisere fleire til relevant utdanning og kompetanseheving, leggje betre til rette for desentrale tilbod og å vidareutvikle og styrkje samarbeid for kvalifisering av fleire folk som i dag står utanfor arbeidslivet.

Målet med ordninga er at fylkeskommunane skal styrkje innsatsen for å få til eit godt samsvar mellom tilbod av og etterspurnad etter utdanning og kompetanse, mobilisere til utdanning og kompetanseheving, leggje til rette for desentrale tilbod og å kvalifisere fleire til utdanning og arbeid.

Midlane kan bidra til at fleire tilsette i offentlege og private verksemder i distrikta nyttar seg av etter- og vidareutdanningstilbod, bidra til at fleire unge og vaksne tar utdanning desentralisert eller fleksibelt, og kan leggje til rette for regionalt og lokalt tilpassa tiltak som kan få fleire ut i arbeidslivet, gjennom styrka samarbeid og fellesprosjekt mellom ulike aktørar. Midlane kan styrkje lokale eller regionale miljø som legg til rette for og mobiliserer til desentralisert utdanning. Sjå vedlegg 11 for retningslinjer for ordninga.

Sjå pkt. 1.5 om rapportering på ordninga.

¹ Fordeling av midlane mellom fylkeskommunane tek utgangspunkt i folketalet i dei 120 kommunane som skårar lågast på distriktsindeksen.

Kap. 553, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling

Midlane er fordelte til fylkeskommunane etter ein berekningsmodell som inneheld ein distriktsdel og ein regionaldel. Fordelinga nyttar distriktsindeksen frå 2023² og verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte (regionalstøttekart) for 2022–2027³. Sjå vedlegg 1 for den fylkesvise fordelinga av posten.

Oppdragsgjevaransvaret

Fylkeskommunane har ansvar for å utforme og finansiere oppdrag til Innovasjon Noreg og Siva i sitt fylke, ut frå regionale behov og prioriteringar. Departementet syner til retningslinjene for posten, som er oppdaterte for 2024 i samråd med fylkeskommunane, Siva, Innovasjon Noreg og Nærings- og fiskeridepartementet. Oppdateringane gjeld nytt kapittel om *særskilte oppdrag* og ny kapittelstruktur. Fylkeskommunane har ansvaret for styringsdialogen med Innovasjon Noreg og Siva for dei fylkeskommunale oppdraga. Dette omfattar dialog om resultat, måloppnåing og effektivitet innan den einskilde ordninga, revisjon av ordningar, utvikling av satsingsforslag og innspel til statsbudsjettet.

Oppdatert oversikt over dei aktuelle mobiliserande og kvalifiserande verkemidla fylkeskommunane kan nytte seg av er å finne i kap. 2 i retningslinjene for posten.

Målet med midlane

Målet med midlane er å mobilisere verksemdar til innovasjon og bidra til verdiskaping, sysselsetjing og nyskaping i regionane. Vidare skal dei bidra til å utløyse ny aktivitet i næringslivet i distriktsområda som ikkje blir ivareteke gjennom nasjonale verkemiddel. For 2024 skal ordninga òg hjelpe med å styrkje verksemdene si grønne konkurransekraft.

Forvaltninga av midlane

Kvar fylkeskommune har ansvaret for å dekkje alle administrasjons- og gjennomføringskostnader for sitt oppdrag til Innovasjon Noreg, i samsvar med basiskostnadsmodellen. Innovasjon Noreg sentralt reknar ut vederlaget for administrasjons- og gjennomføringskostnader for kvart fylkesoppdrag, basert på erfaringstal⁴.

Departementet vil overføre dei samla administrasjons- og gjennomføringskostnadene direkte til Siva på vegne av fylkeskommunane. I 2024 utgjer dette 18,3 mill. kroner. Talet er fastsett i dialog mellom fylkeskommunane og Siva.

Kvar fylkeskommune har høve til å nytte inntil 100 000 kroner over posten for å dekkje kostnadene fylkeskommunen har ved å forme oppdrag og gjennomføre styringsdialog med Innovasjon Noreg og Siva.

² <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/distriktsindeksen-2023/id2997238/>

³ <https://www.regjeringen.no/no/tema/kommuner-og-regioner/regional--og-distriktpolitikk/det-distriktpolitiske-virkeområdet/Virkeområdet-for-distriktsrettet-investeringsstotte/id2362281/>

⁴ Sjå retningslinjene for post 61 for meir informasjon om administrasjons- og gjennomføringskostnader

Fylkeskommunane skal sørge for at det ligg føre tilfredsstillande rutinar for oppdragsbrev, utbetaling av tilskot, styringsmøte, prosedyrar og krav til rapportering og eventuelle andre forpliktingar overfor Innovasjon Noreg og Siva. Departementet tilrår at fylkeskommunane som eit kollegium følgjer opp samla resultat, måloppnåing og effektivitet i det einskilde verkemiddelet, revisjon av verkemidlane, utvikling av satsingsforslag og innspel til budsjett.

Departementet tilrår at fylkeskommunane nyttar malar for oppdragsbrev til Innovasjon Noreg og Siva (sjå vedlegg 4 og 5). Departementet har laga nye versjonar av malane for oppdragsbrev for 2024, i samråd med fylkeskommunane, Innovasjon Noreg, Siva og Nærings- og fiskeridepartementet. Landbruks- og matdepartementet tilrår at fylkeskommunane i sitt oppdragsbrev til Innovasjon Noreg inkluderer Innovasjon Noregs oppdrag på landbruksområdet.

Fylkeskommunane skal betale ut midlane i oppdraga til Innovasjon Noreg og Siva i to delar, der første utbetaling er innan 1. februar og andre i løpet av august (sjå pkt. 1.5 under for nærare informasjon om utbetaling mv.).

Sjå pkt. 1.5 om rapportering på ordninga.

Kap. 553, post 65 Omstilling og utvikling i område med særlege distriktsutfordringar

Som ei oppfølging av evalueringa⁵ av regional omstilling, er ordninga revidert. Overføringa av distrikts- og regionalpolitiske tilskot frå rammetilskotet til programkategori 13.50 har òg medført endringar på posten. Endringane er gjort i dialog med representantar frå fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og Distriktsenteret. Frå 2024 har posten tre ordningar:

- a) Bistand og rettleiing til distriktskommunar. Mål for ordninga er auka utviklingskapasitet og strategisk arbeid i distriktskommunar, gjennom mellom anna nye måtar å løyse oppgåver, og styrkt strategisk samfunnsplanlegging.
- b) Tilskot til kommunar med langvarig nedgang i befolkning og sysselsetting av særleg omfattande grad. Mål for ordninga er auka attraktivitet for busetting og næringsliv og å styrkje kommunane si kapasitet til å handsame situasjonen.
- c) Tilskot til omstilling i kommunar eller regionar med vesentleg fall i sysselsettinga over relativt kort tid. Mål for ordninga er å styrkje næringsgrunnlaget og bidra til etablering av nye arbeidsplassar i kommunar eller regionar som opplever vesentleg nedgang i sysselsettinga over relativt kort tid.

Stortinget har løyvd 120,6 mill. kroner til desse ordningane, inkludert 51,0 mill. kroner som er overført frå kap. 572, post 60 Innbyggartilskot, rammetilskotet til fylkeskommunane. Av løyvinga går 12 mill. kroner til Innovasjon Noreg, som er eit nasjonalt kompetanseorgan for lokalt og regionalt omstillingsarbeid. Innovasjon Noreg kan på oppdrag frå fylkeskommunane gje råd, verkemiddel, rettleiing og kvalitetssikring på omstillingsprosjekt.

⁵ [Telemarksforskning \(2022\) Evaluering av ordningen med regional omstilling](#)

Delar av løyvinga på posten er fordelt på grunnlag av innspel frå fylkeskommunane om kommunar eller regionar med vesentleg reduksjon i talet på sysselsette som følgje av nedskalering, konkurs eller flytting av hjørnesteinsverksemdar (sjå vedlegg 1). Desse midlane er fordelt på same måte som for tidlegare post 65 (*omstilling*). Resten av løyvinga er fordelt med utgangspunkt i folketalet i dei 120 kommunane som skårar lågast på distriktsindeksen.

Fylkeskommunane disponerer si løyving fritt mellom ordningane over posten. Innsatsen bør sjåast i samanheng med arbeidet med bygdevekstvtaler, i den grad det er relevant.

Ordning a, *bistand og rettleiing til distriktskommunar*, er nærare omtalt i retningslinjer frå KDD av 12.12.2023.

Regelverk for ordning b og c vil bli fastsett i forskrift. Forskrifta er justert for å omfatte ny ordning, men har elles små endringar. Den vert sendt på høyring før nyttår. Departementet vil varsle fylkeskommunane når ny forskrift er publisert.

Fylkeskommunen har ansvaret for omstillingsarbeidet i eige fylke (ordning b og c). I omstillingsarbeidet er det viktig at fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og omstillingskommunane samarbeider aktivt. Fylkeskommunane fordeler midlane til omstillingskommunar.

For ordning b er kriteria for måloppnåing auka utviklingskapasitet og utviklings- og gjennomføringsevne i kommunen, auka attraktivitet for busetting og attraktivitet for næringsliv. Måloppnåing for kriteria skal dokumenterast gjennom evalueringar.

For ordning c er kriteria for måloppnåing styrkt utviklingskapasitet og kompetanse for næringsutvikling i kommunen/regionen og talet på arbeidsplassar som blir etablerte eller sikra. Måloppnåing for kriteria skal dokumenterast gjennom evalueringar. Innovasjon Noreg rapporterer årleg på talet på arbeidsplassar.

Fylkeskommunane har tidlegare kome med årlege innspel om behov for midlar under omstillingsordninga. Departementet vil på nyåret kome tilbake til korleis dette skal handterast i ei ny ordning.

Sjå pkt. 1.5 om rapportering på ordninga.

Kap. 553, post 69 Mobilisering til forskningsbasert innovasjon

Posten omfattar ordninga Forskningsbasert innovasjon i regionane (FORREGION), og FoU-program innan marin bioteknologi i Nord-Noreg (Mabit).

FORREGION

FORREGION skal få fleire bedrifter til å bruke forskning i sitt innovasjonsarbeid, og skal mobilisere næringslivet til å nytte andre verkemiddel for forskning, som Forskringsrådets nasjonale program eller internasjonale ordningar.

Midlane er fordelte til fylkeskommunane som forvaltar ordninga. Ordninga er regulert i [Forskrift om Kommunal- og distriktsdepartementets tilskudd til Forskningsbasert innovasjon i regionene FORREGION forvaltet av fylkeskommunene](#), sjå vedlegg 9. Som følgje av avviklinga av Regionale forskingsfond (RFF) frå 2024, vil departementet, i dialog med fylkeskommunane, vurdere behov for endringar i forskrifta.

Sjå pkt. 1.5 om rapportering på ordninga.

Mål 2: Regional utvikling over landegrensene og i nordområda

Kap. 553, post 63 Interreg, Arktis 2030 og det norske Barentssekretariatet

Interreg

Løyvinga på 54,3 mill. kroner skal dekkje fylkeskommunane si deltaking i Interreg-programma Øresund–Kattegat–Skagerrak (ØKS), Sverige–Noreg og Aurora (Sverige-Finland- Noreg). Midlane blir overførte til den fylkeskommunen som er sekretariat for det einaskilde programmet. Ei oversikt over fordeling mellom programma og sekretariatsfylke kan de finne i vedlegg 2.

Det overordna målet med Interreg er ei balansert utvikling i EU sitt territorium gjennom samarbeid mellom land i Europa. Programma skal konsentrere seg om eit utval av desse måla: eit smartare Europa, eit grønarare Europa, eit meir samanknytt Europa, eit meir sosialt Europa og eit Europa nærare borgarane. Programdokument for kvart einaskild program regulerer satsingsområde, tildelingskriterium, kriterium for måloppnåing, aktivitetar og resultatoppnåing, evaluering og krav til innhald i årsrapporten. Programdokumenta for perioden 2021–2027 er godkjende av norske styresmakter, samarbeidslanda og Europakommisjonen.

Sjå pkt. 1.5 om rapportering på ordninga.

1.4. Anna relevant innsats

Under dette punktet har departementet lista opp program, strategiar og arbeid i programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk som er relevante for fylkeskommunane.

Bygdevekstavgtaler (kap. 553, post 66)

Det overordna målet for bygdevekstavgtalane er å bidra til busetting, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidssretta næringsutvikling i Distrikts-Noreg. Målgruppa for ordninga er dei minst sentrale distriktskommunane, høvesvis kommunar i sentralitet 5 og 6. Kommunar i sentralitet 4 kan òg søke saman med kommunar i sentralitet 5 og 6.

Bygdevekstavgtaler skal mellom anna bidra til samordning av verkemiddel og aktørar. Avgtalane er bygd opp som intensjonsavgtaler, med prioriterte delmål. Her skal kommunane,

saman med til dømes etatar, fylkeskommune og andre relevante aktørar, utforske nye løysingar på lokale utfordringar og moglegheiter. Det blir samtidig vektlagt at løysingane kan ha overføringsverdi til andre distriktskommunar.

I 2022 vart dei første fem bygdevekstpilotane valt ut, tre i Finnmark og to i Trøndelag. På nyåret vil regjeringa kunngjere kva pilotar dei har valt ut til andre pulje. Fylkeskommunane har vore og er ein viktig rettleiar og samarbeidspart med pilotane i første pulje. Vi vil oppmoda dei fylkeskommunane som no får pilotar i sin region til å ta ei tilsvarande rolle. Departementet vil også invitere aktuelle fylkeskommunar og statsforvaltarar til å delta i ei ressursgruppe for ordninga. Vi vil ta kontakt med aktuelle fylkeskommunar når nye pilotar er offentleggjort.

For 2024 er det løyvd 76,9 mill. kroner til arbeidet med bygdevekstavgifter, ei auke på 50 mill. kroner. Samarbeidet om dei ulike delmåla skal resultere i tiltak i årlege handlingsplanar. Auken på 50 mill. kroner skal nyttast av pilotane til å finansiere tiltak i desse og/eller til forlenging av avtaleperioden. Departementet oppmodar fylkeskommunen til å vurdere samanheng med ev. innsats over kap. 553, post 65.

Investeringsstilskot for store grønne investeringar (kap. 553, post 71)

I 2024 er det sett av 101,5 mill. kroner til investeringsstilskot for stor grønne investeringar. Tilskotet forvaltast av Innovasjon Noreg. Det skal finansiere større berekraftige investeringsprosjekt i distrikta gjennom investeringsstilskot. Ordninga skal utfylja tilbodet frå dei regionale midlane, og bidra til at ein får gjennomført større omstillingsprosjekt og etableringar.

Klyngjer og innovasjon (kap. 553, post 74)

Departementet finansierer det nasjonale klyngjeprogrammet Norwegian Innovation Clusters og Innovasjonspartnerskap i Innovasjon Noreg. I 2024 er det sett av 28,3 mill. kroner til kap. 553, post 74.

Kapasitetsløft i Forskingsrådet er frå og med 2024 flytta til kap. 500, post 50 Forskingsmidlar til Noregs forskingsråd m.m., slik at løyvingar som går til forskingsprogram i Forskingsrådet blir samla på éin post i departementet.

Transnasjonale og interregionale Interreg-program (kap. 553, post 76)

Departementet finansierer norsk deltaking i dei transnasjonale Interreg-programma Østersjøen, Nordsjøen og Nordleg Periferi og Arktis og dei alleuropeiske programma Interreg Europe, ESPON, URBACT og Interact. Desse programma har det same overordna målet som dei grenseregionale programma. Programgeografi og konkrete prioriteringar varierer mellom programma. I 2024 er det sett av om lag 17 mill. kroner til desse programma under kap. 553, post 76.

1.5. Utbetaling, rapportering, evalueringar og kontroll

Utbetaling

Departementet vil utbetale midlane for programkategori 13.50 i to omgangar, i januar og august. Midlane skal setjast på ein renteberande konto, og eventuelle opparbeida renteinntekter skal gå til dei same føremåla som for dei opprinnelege midlane.

Fylkeskommunane må melde frå til departementet dersom det skjer byte av kontonummer løyvinga skal overførast til. Gje snarast beskjed om det nye kontonummeret per brev til postmottak@kdd.dep.no.

I utbetalinga av midlar frå fylkeskommunen til Innovasjon Noreg og Siva må det spesifiserast kva for finansieringskjelde/post løyvinga tilhøyrar.

Fylkeskommunane kan disponere midlane tildelt over postane uavhengig av løyvingsår, innanfor formålet til posten. Unyttar midlar og renteinntekter kan nyttast innanfor formålet til den aktuelle posten. Unyttar midlar og renteinntekter hos Innovasjon Noreg og Siva frå dei fylkeskommunale oppdraga kan verkemiddelaktørane nytte innanfor oppdragets formål etter avtale med den aktuelle fylkeskommunen.

<mailto:Kunngjering, rapportering og registrering av rammer og tilsegner>

Alle tilskotsordningar blir kunngjort på regionalforvaltning.no, med unntak av ordningar som Innovasjon Noreg og Siva forvaltar, og ordningane på *kap. 553 post 69 Mobilisering til forskningsbasert innovasjon*. Alle søkjarar må nytte fagsystemet for å sende inn søknader.

Fylkeskommunane skal rettleie andre forvaltarar i bruken av regionalforvaltning.no, og sørkje for at all informasjon om tilsegner er lagd inn på rett måte. Registreringane er naudsynte for at departementet skal rapportere inn rett bruk av midlane til Stortinget. Sjå vedlegg 3 for krav til kven som skal rapportere og til innhaldet i aktivitetsrapporteringa.

Særskild om rapportering på post 60 Kompetanse og arbeidsutvikling i distrikta

Kriteria for måloppnåing blir følgd opp gjennom årleg rapportering. Fylkeskommunen skal kvart år levere ein kortfatta rapport til departementet i tråd med vedlagt mal for rapportering på ordninga.

Særskild om rapportering på post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling

For 2024 ber vi fylkeskommunane om å registrere inn fordelinga mellom Innovasjon Noreg og Siva og mellom verkemidlane i regionalforvaltning.no på kap. 553, post 61. Som grunnlag for rapportering til Stortinget i budsjettet for 2025 ber departementet fylkeskommunen sende kopi av alle regionale oppdragsbrev til Siva og Innovasjon Noreg, og kopi av den fylkesvise årlege rapporteringa frå verkemiddelaktørane til postmottak@kdd.dep.no.

Særskild om rapportering på post 63 Interreg

For Interreg er det sekretariatsfylka som har ansvaret for å registrere den statlege norske finansieringsdelen i regionalforvaltning.no.

Særskild om rapportering på post 65 Omstilling og utvikling i område med særlege distriktsutfordringar

Fylkeskommunen må kvart år rapportere fordelinga av midlar mellom ordning a, b og c med grunngiving.

For ordning a) skal fylkeskommunen levere ein kortfatta rapport til departementet om gjennomførte tiltak og korleis desse bidrar til å oppnå kriteria for måloppnåing. Rapporten skal ikkje overskride 3 sider.

For ordning b) og c) blir resultatata klargjort gjennom evaluering av kvart omstillingsprogram.

Særskild om rapportering på post 69 Mobilisering til forskingsbasert innovasjon

Fylkeskommunane skal rapportere på tilskotet til FORREGION gjennom departementet sin elektroniske forvaltingsportal regionalforvaltning.no, jf. forskrift. Fylkeskommunane rapporterer årleg på gjennomførte aktivitetar, økonomi, og kriterium for måloppnåing bokstav a og b, jf. pkt. 1.3. Rapportering på bokstav c dokumenterast gjennom fylkeskommunane sine evalueringar og meir langsiktige arbeid, og sendast til postmottak i KDD.

Transportstøtte

Den nasjonale gruppemeldinga for regional transportstøtte gjekk ut 31.12.2020. Dersom fylkeskommunane skal gje regional transportstøtte i 2024, må dei sjølve gruppemelde og rapportere dette til ESA.

Evaluering

Langsiktige effektar av tiltaka blir målte gjennom evalueringar. Departementet vil drøfte aktuelle problemstillingar og tema for evalueringane med fylkeskommunane.

Departementet ber om at fylkeskommunane løypande melder inn evalueringar som er planlagde, sette i gang eller avslutta i 2024. Evalueringar som er gjort tilgjengelege for allmenta, skal sendast til Nasjonalbiblioteket i tråd med pliktavleveringslova § 4.

Innsendingsplikta blir vareteken ved å registrere gjennomførte evalueringar i Kudos via Altinn.

Kontroll

Departementet ber om å få melding straks dersom fylkesrevisjonane har hatt vesentlege merknader/funn som gjeld forvaltninga av midlane.

Bruk av attståande midlar frå gamle postar

Midlar som etter 2023 står att under kap. 550, post 62 og 64, kap. 551, post 60 og 61 og kap. 553, post 60, skal nyttast i høve til dei mål og vilkår som vart stilte då midlane vart løyvde. Bruk av midlar som står att, skal rapporterast i regionalforvaltning.no på same måte som tidlegare, og skal forvaltast i tråd med [forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemiddel](#) (sjå vedlegg 7).

Fylkeskommunane må vurdere om gamle postar kan nyttast til oppdrag for føremål tilsvarande mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling. Fylkeskommunane må sjølve ha oversikt over attståande midlar, postar, konto og kva formål dei kan nyttast til.

2. Programkategori 08.45 Likestilling og ikkje-diskriminering

2.1 Universell utforming i regional og kommunal planlegging

Målet med løyvinga på programkategori 08.45 Likestilling og ikkje-diskriminering, kap. 352 Nedsett funksjonsevne, *post 71 Universell utforming og auka tilgjenge* er mellom anna å fremje universell utforming på dei områda der utfordringane er størst.

Universell utforming – verdigrunnlaget

Verdigrunnlaget for universell utforming er at alle skal ha like høve for personleg utvikling, deltaking i samfunnet og livsutfalding. Eit samfunn der alle kan delta er òg eit grunnleggjande prinsipp i berekraftsmåla. Samfunns- og arealplanlegging er eit viktig verkemiddel for å oppnå dette.

Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) koordinerer arbeidet med universell utforming. Sektordepartementa har ansvaret for politikk og tiltak for universell utforming på eigne sektorområde. Handlingsplan for universell utforming for perioden 2021-2025 følgjer opp arbeidet med universell utforming på viktige samfunnsområde. Tiltaka i sektorane som er samla i denne handlingsplanen skal svare på utfordringane med manglande universell utforming. KUD koordinerer arbeidet med handlingsplanane.

Behov for kompetanseheving i universell utforming i planlegging

Det trengs framleis ei styrking av universell utforming i samfunns- og arealplanlegginga. Over programkategori 08.45 har KUD mellom anna tilskot med føremål å utvikle og styrkje gjennomføringa av universell utforming som samfunnskvalitet. Eit av kriteria er kompetanseheving og effektiv spreiding av informasjon om universell utforming.

Tilskot over denne posten skal brukast til kompetanseheving i fylkeskommunane og kommunane. Tilskotet blir gitt til fylkeskommunane slik at dei kan auke kompetansen i eigen etat og slik er i stand til å ta omsyn til universell utforming i eigne regionale planar, og er i stand til å rettleie kommunane slik at dei tek vare på universell utforming i si planlegging. Dette er i tråd med plan- og bygningslova § 1-1 femte ledd.

Dette er vidare i tråd med den regionale samfunnsutviklarrolla til fylkeskommunane. Fylkeskommunane har som regional planstyresmakt etter § 3-1 i plan- og bygningslova eit lovpålagt ansvar for å rettleie kommunane i planlegging. Vidare er dette i tråd med [nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019–2023](#).

I 2024 er det sett av totalt 1,1 mill. kroner som fylkeskommunane kan søkje på. Det er ikkje sett ei øvre grense for storleik på tilskot det kan søkast om i 2024. Tilskotet blir utbetalt frå Kommunal- og distriktsdepartementet etter søknad så langt midlane rekk. Vi ber derfor fylkeskommunane førebu ein søknad i tråd med forklaringa under og sende den til postmottak@kdd.dep.no, med kopi til hilde.moe@kdd.dep.no.

Målet for tilskotet

Målet for tilskotet er auka innsikt, kunnskap og kompetanse om korleis planleggje for eit universelt samfunn. Målgruppa er dei som skal gjennomføre samfunns- og arealplanlegging etter plan- og bygningslova i fylkeskommunane og i kommunane.

Kva kan midlane nyttast til

Tilskotet skal primært nyttast til opplæring av tilsette i fylkeskommunen som utarbeidar regionale planar, tilsette i fylkeskommunen som rettleiar kommunane i planlegging og til opplæring av tilsette i kommunen som utarbeider kommunale planar.

Tilskotet kan òg nyttast til kompetansehevande tiltak om universell utforming for tilsette i fylkeskommunane som skal delta i den regionale planlegginga (mellom anna innan samferdsel, folkehelse, vidaregåande opplæring, kulturarv, klima og miljø osv.). Tilskotet kan vidare òg nyttast til opplæring av andre i kommunen som skal delta i den kommunale planlegginga (mellom anna politikarar, tilsette frå skulen, helseteneste, idrett, kultur, parkvesen mfl.).

Minst 50 prosent av midlane skal nyttast til opplæring av kommunale planleggjarar.

Midlane blir utbetalte utan krav til tilbakebetaling.

Rapportering

Fylkeskommunane skal rapportere til Kommunal- og distriktsdepartementet på følgende vis: tal på og type kurs, tal på kommunar ved kurs for kommunar, tal på deltakarar frå høvesvis fylkeskommunar og kommunar, nytta beløp og eventuelt attståande beløp og planar for attståande beløp per oppgitt tidspunkt for rapportering.

Sjå pkt. 4 for datoar for rapportering.

4. Fristar i 2024 og 2025

2024	
1. februar	frist for å sende inn rapportar for 2023 og endelege rammer per 31. desember 2023 i regionalforvaltning.no
1. februar	frist for å sende inn evalueringar og ev. revisjonsmerknader i 2023
1. februar	frist for forskotsutbetaling av midlar til Innovasjon Noreg og Siva
1. mars	frist for Finnmark og Nordland fylkeskommunar til å sende årleg rapport om omstillingsarbeidet i Sør-Varanger og Andøy
1. mars	frist for å sende oppdragsbrev for 2024 til Innovasjon Noreg og Siva, med kopi til departementet.
1.mars	frist for rapportering på bruk av tilskotsmidlar til FORREGION for 2023 i regionalforvaltning.no
10. mars	Frist for å sende kopi av årleg fylkesvis rapportering frå Siva og Innovasjon Norge til departementet
16. april	frist for innspel til budsjett for post 61 for 2025 (frå fylkeskommunane samla) ⁶
15.mai	frist for rapportering av bruk av tilskotsmidlar til universell utforming i planlegging pr. 30. april
august	frist for andre utbetaling av midlar til Innovasjon Noreg og Siva i løpet av august
15. september	frist for rapportering av bruk av tilskotsmidel til universell utforming i planlegging pr. 31.august
27. oktober	frist for innspel til nye satsingar (i prioritert rekkefølge) som fylkeskommunane har oppdragsgivaransvar for under programkategori 13.50 for 2026 (frå fylkeskommunane samla), med kopi til Nærings- og fiskeridepartementet ⁷
2025	
15. januar	frist for rapportering av bruk av tilskotsmidlar til universell utforming i planlegging pr. 13.desember 2024
1. februar	frist for å sende inn rapportar for 2024 og endelege rammer per 31. desember 2024 i regionalforvaltning.no
1. februar	frist for å sende inn evalueringar og ev. revisjonsmerknader i 2024

⁶ Forslag med budsjettmessige konsekvensar på mindre enn 15 mill. kroner fremmast som budsjettinnspel.

⁷ Satsingsforslaga kan vere styrkingar eller justeringar av eksisterande program og aktiviteter, eller forslag om nye program og aktiviteter. Kun større forslag fremmast i denne runden. Forslag med budsjettmessige konsekvensar på mindre enn 15 mill. kroner skal fremmast i samband med budsjettinnspelet i april.

5. Avslutning

Vi ber om at fylkeskommunane orienterer deltakarane i partnerskapet sitt om innhaldet i dette brevet, og ønskjer fylkeskommunane og partnerskapa lukke til med arbeidet i 2024.

Oppdragsbrevet med vedlegg blir lagt ut på nettsidene til Kommunal- og distriktsdepartementet.

Med helsing

Kristin Marie Felde (e.f.)
ekspedisjonssjef

Benedikte Gyribye Olafsen
fyrstekonsulent

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

6. Vedlegg

Vedlegg 1 Fylkesfordeling av kap. 553. post 60, 61, 63, 65 og 69

Vedlegg 2 Statlige midler til Interreg 2024

Vedlegg 3 Krav og rettleiing til aktivitetsrapportering

Vedlegg 4 Mal for oppdragsbrev frå fylkeskommunane til Innovasjon Norge

Vedlegg 5 Mal for oppdragsbrev frå fylkeskommunane til Siva

Vedlegg 6 Retningslinjer kap 553, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling

Vedlegg 7 Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler

Vedlegg 8 Forskrift om Arktisk

Vedlegg 9 Forskrift om Kommunal- og distriktsdepartementets tilskot FORREGION

Vedlegg 10 Forskrift om Kommunal- og distriktsdepartementets tilskot til MABIT

Vedlegg 11 Retningslinjer kap 553, post 60 Kompetanse og arbeidskraft i distriktane

Vedlegg 12 Retningslinjer kap 553, post 65a Bistand og rettleiing til distriktskommunar

Kopi

Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse

Distriktssenteret

Innovasjon Norge

Kultur- og likestillingsdepartementet

Kunnskapsdepartementet

Landbruks- og matdepartementet

Norges forskningsråd

Nærings- og fiskeridepartementet

Riksrevisjonen
Sametinget
SIVA - Selskapet for industrivekst SF